

Retningslinjer for gåver og påskjøningar i arbeidsforhold

Formål

Gåver og påskjøningar er velferdstiltak som skal vere med å støtte opp om eit godt arbeidsmiljø i Vestland fylkeskommune.

Vilkår

Gåver er skattefrie etter rammer og beløpsgrenser fastsett av Finansdepartementet. Skattereglane for gåver til tilsette følger av forskrift til skattelova § 15-15-1. Dersom dei fastsette beløpsgrensene vert overstigene, er overskytande beløp skattepliktig inntekt.

Vilkåret for skattefritak er at gåva vert gitt etter ei generell ordning i fylkeskommunen og består av noko anna enn pengebeløp. Gåvekort er innafor reglane, men kan ikkje utløysast i kontantar.

Overordna ansvar

Det er eit leiaransvar å førebu og gjennomføre påskjøninga. I praksis betyr det kjøp og overlevering av gåve, og eventuelt leggje til rette for ei enkel servering. Utgifter til gåve og enkel servering vert dekkja over tenesteeininga sitt budsjett.

Det er også eit leiaransvar å syte for at retningslinjene vert praktisert likt i fylkeskommunen.

1. Lang tenestetid

Etter 25 års teneste og ved 40 års teneste i fylkeskommunen får arbeidstakar ei gåve eller eit gåvekort til ein verdi av kr 8.000. Ved overrekking av gåva kan det gjevast ei enkel servering.

Som hovudregel gjeld samanhengande tenestetid. Permisjonsperiodar med løn vert medrekna fullt ut. Permisjonsperiodar utan løn utover 3 månader, som avbryt oppteninga av lønsansienniteten, vert ikkje medrekna. Utdannings-/omsorgspermisjon utan løn vert likevel medrekna med inntil 2 år. Den som har fått delegert mynde kan i særlege tilfelle gjere unntak for hovudregelen.

2. Aldersgrense/uførepensjon

Arbeidstakarar som sluttar ved nådd aldersgrense eller på grunn av uførepensjon, skal takkast på ein verdig måte med ei gåve eller eit gåvekort (kr 200,- for kvart tenesteår avgrensa til kr 4000,-). Ved overrekking av gåva kan det gjevast ei enkel servering.

3. Sluttar i tenesta og ved sjukdom

Arbeidstakar som sluttar i fylkeskommunen etter eige ønskje, ved driftsinnskrenking eller rasjonaliseringstiltak, får overrekk ei enkel gåve, som blommar, konfekt eller liknande. Tilsvarande gjeld ved arbeidstakar sin sjukdom.

4. Gravferd

Ved ein arbeidstakar si gravferd skal det gjevast blommar eller båretrans.

5. Anna merksemd

Ved andre særskilte høve kan det gjevast ei blomsterhelsing eller liknande. Det er viktig at leiar sikrar lik handsaming av tilsette i slike tilfelle.